

Kontrollutvalget i Forsand kommune

Møteinnkalling

Møtested:	Møterommet på kommunehuset
Dato:	26.11.2015
Tidspunkt:	Kl. 9.00
Møtenr:	5-2015

Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
26/15	Orientering om kontrollutvalets ansvar og oppgaver
27/15	Utarbeiding av nye planer for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
28/15	Statusoversikt kontrollutvalets prosjekter pr. november 2015
29/15	Kontrollutvalet sin årsplan 2016
30/15	Orientering om overordna revisjonsstrategi for 2015
31/15	Forslag til møteplan 2016
32/15	Elektroniske sakspapirer

Referatsaker/meldinger

Periode:		
Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
8/15	14/00006-18	Invitasjon Høstkonferanse 2015.pdf
9/15	14/00006-19	NKRFS_Kontrollutvalgskonferanse_2016.pdf
10/15	15/00039-2	Sluttrekneskap av ny prestebustad, prosjekt P11
11/15	15/00039-1	Sluttrekneskap for Gang- og sykkelsti Kulturhus-Rettedal.

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 evt. mobil til sekretær eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalles.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Forsand, 19.11.2015

Inger Anita Meerkesdal
Leder av kontrollutvalget

Leni Tande
Sekretariatet

[Medlemsoversikt](#)

26/15 Orientering om kontrollutvalets ansvar og oppgaver

Arkivsak-dok. 14/00006-20
Arkivkode. 033
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	26.11.2015	26/15

Bakgrunn:

For dei fleste av medlemmene i kontrollutvalet vil rolla som kontrollutvalsmedlem vera ny og ukjent. Sekretariatet vil derfor på dette møtet ha ein kort gjennomgang av kontrollutvalets viktigaste oppgaver og arbeidsområde. I tillegg vil revisor ha ein kort gjennomgang av kven dei er og kva dei jobbar med. Det vert invitert til dialog med medlemmene ved desse gjennomgangane.

Saksutgreiing:

Erfaringar frå førre periode viste at det ikkje er gunstig med alt for mykje informasjon på ei gong på første møte. Det vert derfor lagt opp til å ha litt informasjon om kontrollutvalets oppgaver på alle møta framover. I tillegg vil ein koma tilbake med ei utvida gjennomgang av kontrollutvalets ansvar og oppgaver om ca. eitt år.

Det vert foreslått at utvalet går gjennom eitt tema på kvart møte framover knytt til:

1. Kommunale rekneskap – kvar finst den viktigaste informasjonen? v/revisor
2. Kva er og korleis vert ein forvaltningsrevisjon gjennomført v/revisor
3. Habilitetsreglar v/sekretariatet
4. Ny gjennomgang av kontrollutvalets ansvar og oppgaver etter ca. eitt år – spesielle tema vert valt ut i samarbeid med utvalet.

Undervegs vil det og bli orientert om ein del andre viktige område som kontrollutvalet skal arbeida med framover, som planverket som skal utarbeidast (sjå eiga sak), kva overordna analyse er og kva for kriterium kontrollutvalet skal nytta for utveljing av prosjekt.

Det vert òg arrangert årlege konferansar for medlemmer i kontrollutvala. Lokalt vert det arrangere ein årleg haustkonferanse på Sandnes, der alle kontrollutvala i Rogaland vert invitert. Denne vert arrangert litt seinare i år, den 10. desember.

I tillegg er det 2 store landsomfattande konferansar kvart år. I månadsskiftet januar/februar arrangerer Norges KommuneRevisorForbund (NKRF) sin kontrollutvalgskonferanse. Dette er ein stor konferanse med 5 - 700 deltakarar frå heile landet, der både revisorar, kontrollutvalsmedlemmer og sekretariat er med. I tillegg arrangerer Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) årlig ein landskonferanse i juni. Denne er for kontrollutvalsmedlemmar og sekretariat, og er mindre og litt rimeligare enn NKRF sin konferanse. Kontrollutvalet i Hjelmeland er og medlem av FKT, og har stemmerett på forbundets årsmøte.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek sekretariatets gjennomgang til orientering.

Kontrollutvalet i Forsand ber sekretariatet laga nødvendige avtaler med revisor.

SANDNES, 13.11.2015

Leni Tande
Sekretær

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

27/15 Utarbeiding av nye planer for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Arkivsak-dok. 13/00266-7
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	26.11.2015	27/15

Bakgrunn:

Føreskrifta krev at det minst ei gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeidast ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Det same gjeld for selskapskontroll. Planane skal vedtakast av kommunestyret sjølv, som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Planane skal baserast på ein overordna analyse av kommunens eller selskapas verksemd ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar, med sikte på å identifisera behovet for forvaltnings-revisjon/selskapskontroll med forvaltningsrevisjon på dei ulike sektora og verksemdar. Ei slik analyse er bestilt av tidlegare kontrollutval, og vil ligga føre på nyåret. Analysen er bestilt frå revisor.

Saksutgreiing:

Den mest omfattande planen vil bli Plan for forvaltningsrevisjon. Plan for selskapskontroll er ein enklare plan, då tal kommunalt heleigde selskap styrer kva som skal prioriterast her, med utgangspunkt i den overordna analysen.

Når det gjeld Plan for forvaltningsrevisjon er det viktig for kontrollutvalet å få innspel til aktuelle prosjekt som til slutt skal prioriterast i planen, både frå kommuneadministrasjonen og frå sentrale politikarar. Det bør derfor utarbeidast ein plan for når kontrollutvalet ønskjer å invitera desse inn til møte med utvalet, der dei blir bedt om å koma med innspel til prosjekt som etter deira syn kan vera aktuelle.

Kontrollutvalet vil så sjå disse innspela opp mot den overordna analysen. På bakgrunn av analysen og mottatte innspel skal kontrollutvalet til slutt prioritera kva for prosjekt ein ønskjer å gjennomføra i den komande perioden. Dei føreslåtte prosjekta skal vurderast ut frå risiko og vesentlegheitsvurderingar.

Kontrollutvalet vert invitert til å diskutera ein framdriftsplan for korleis denne prosessen skal skje. Det inneberer:

- Ta stilling til korleis ein skal gjennomføra dialogen med politikarane
- Ta stilling til gjennomføring av dialog med kommuneadministrasjonen
- Tidspunkt for kontrollutvalets endelege prioriteringar
- Vedta planen (frist innan utgangen av 2016)
- Oversending av planen til kommunestyret

Det har vore vanleg at dei politiske gruppeleiarane inkl. hovudutvalsleiarane enten vert invitert til eit av kontrollutvalets møter, eller at kontrollutvalet ber om eit møte med desse eit par timar før eit kommunestyremøte. Det siste vert nok opplevd som minst belastande og enklast å få til, då det vil skje på ettermiddagstid.

Administrasjonen har vore invitert til eit ordinært møte i kontrollutvalet, og det det vert føreslått å nytta denne framgangsmåten også denne gongen.

Revisor og sekretariatet kan og koma med innspel til prosjekt. I tillegg kan sjølvsgt kontrollutvalet sjølv koma med innspel om det er ønskjeleg.

Korleis dette til slutt skal organiserast er opp til kontrollutvalet. Kontrollutvalet bør setta opp ein plan for korleis ein ønskjer å behandla denne saka. Det er sjølvsgt opp til kontrollutvalet å evt. endra på den føreslåtte framdriftsplanen. Det kan og oppstå uføresette endringar underveis som gjer at det må foretas endringar.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet planlegg å behandla utarbeiding av ny Plan for forvaltningsrevisjon på følgjande måte:

- Mars: Sjå gjennom kva som kan vera aktuelt å senda over av informasjon til gruppeleiarar/hovudutvalsleiarar, og senda ut invitasjon til eit møte med kontrollutvalet i forkant av eit kommunestyremøte.
- Mai/juni 2015 Administrasjonen, og evt. revisor og sekretariat vert invitert til å leggja fram forslag til prosjekt for kontrollutvalet.
- September 2016: Kontrollutvalet fortar endelig prioritering av prosjekt som utvalet føreslår vert prioritert i planen.
- November 2016: Plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 vert vedtatt av kontrollutvalet og vidare sendt kommunestyret for sluttbehandling.

SANDNES, 13.11.2015

Leni Tande
Sekretær

Vedlegg:

[Oppdatert Vedtatt plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016 Forsand.pdf](#)

[Vedtatt plan for selskapskontroll 2012 - 2016 Forsand.pdf](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

28/15 Statusoversikt kontrollutvalets prosjekter pr. november 2015

Arkivsak-dok. 13/00087-34
Arkivkode. 217
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	26.11.2015	28/15

Bakgrunn:

Sekretariatet legg til kvart møte fram oversikt over status på bestilte prosjekt og kontrollar samt andre saker kontrollutvalet har tatt opp til handsaming. Oversikta inneheld og kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, når desse skal følgjast opp og oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla. Til slutt kjem ei oversikt over andre saker. Denne gongen inneheld oversikta saker frå førre periode, desse vil bli tatt vekk ved neste oversikt.

Saksutgreiing:

Oversikta omfattar i tillegg ei kolonne som viser når revisor ventar å vera ferdig med den enkelte rapporten. Denne er oppdatert etter siste mottatte oversikt frå Rogaland Revisjon.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Nye planar skal vedtakast i løpet av 2016. Fram til då gjeld planen frå førre periode.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tar statusoversikten pr. november 2015 til orientering.](#)

SANDNES, 13.11.2015

Leni Tande
Sekretær

Vedlegg: [Statusrapport pr.november 2015](#)

[Sakliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

29/15 Kontrollutvalet sin årsplan 2016

Arkivsak-dok. 13/00328-12
Arkivkode. 146
Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	26.11.2015	29/15

Bakgrunn

Kontrollutvalet sin årsplan er ein overordna plan som dekker alle aktivitetane til kontroll-utvalet i året som kjem. Planen er ikkje lovpålagt, men er eit styringsverktøy for utvalet og inngår som ein del av kontrollutvalet sin rapportering til kommunestyret.

Saksutgreiing

Planen gir ein kort oversikt over korleis kommunen sitt system for kontroll og tilsyn er organisert. Vidare gir planen ein oversikt over saksbehandling i utvalet og kva oppgåver som kontrollutvalet reknar med å arbeide med i året som kjem. I vedlegg er forventa saker delt ut på dei einstilte møta i året som kjem.

Planen si oversikt over oppgåver for komande år er basert på kva me kjenner til i dag. Samstundes er planen likevel så fleksibel at kontrollutvalet kan gripe fatt i saker som oppstår undervegs i året. Ei anna forhold er at saker kan verte forsinka eller må flyttast på grunn av saksmengde til eit møte.

Som nemnt er årsplanen òg ein del av kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret. Den vedteke årsplanen blir difor send kommunestyret til orientering.

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand vedtek årsplanen 2016.

Vedteken plan vert send kommunestyret til orientering.

SANDNES, 13.10.2015

Leni Tande
Sekretær

[Vedlegg. Årsplan 2016](#)

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

30/15 Orientering om overordna revisjonsstrategi for 2015

Arkivsak-dok. 13/00179-17
Arkivkode. 026
Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	26.11.2015	30/15

Bakgrunn

Etter kommunelovens § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet «*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*». Tilsynet vert gjennomført ved at revisor rapporterer til kontroll-utvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekkjer både planlegging, gjennomføring/oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksutgreiing

I følgje forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor kvart år utarbeide en plan for revisjon av regnskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må gjere for å kunne bekrefte rekneskapen. Sidan det er eit internt dokument vert det ikkje utlevert til kontrollutvalet, men revisor vil gi en munnleg orientering til utvalet om hovudtrekka i planen.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2015 til orientering.](#)

SANDNES, 03.08.2015

Per Kåre Vatland
Seniorrådgiver

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

31/15 Forslag til møteplan 2016

Arkivsak-dok. 13/00213-27
 Arkivkode. 033
 Saksbehandler. Per Kåre Vatland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	26.11.2015	31/15

Bakgrunn

Med utgangspunkt i møteplan for 2015 har sekretariatet laga eit forslag til møteplan for 2016. Normalt har kontrollutvalet 4 – 5 møter i året.

Saksutgreiing

Møteplanen for 2016 er lagd opp med 3 møter om våren og 2 møter om hausten. Møtet i juni kan avlysast dersom det er liten saksmengde. Det er òg mogleg å ha ekstra møter om det er behov.

I møtet i april skal kontrollutvalet behandle årsrekneskapen for kommunen. Kontrollutvalet må behandle dette før formannskapet og kommunestyret, difor må dette møtet samordnast med kommunen sin møteplan. Foreløpig vert møtedato sett til 19. april, dette kan bli endra når kommunen sin møteplan er klar.

Møteplanen er lagt opp med ny møtedag (tysdag), men med same møtetidspunkt (kl 09:00) som tidligare. Endringar i møtedatoar og tidspunkt, må tilpassast 16. andre utval, slik at det kan vere vanskeleg å på desse. Dersom utvalet likevel føretrekker ein annan dag, vil me strekke oss så langt me kan for å få dette til

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand vedtar følgjande møteplan for 2016:

Dag	Dato	Tidsplan	Kommentar
Tysdag	2. februar	09:00	
Tysdag	19. april	09:00	<i>Kan bli endra</i>
Tysdag	21. juni	09:00	
Tysdag	30. august	09:00	
Tysdag	8. november	09:00	

SANDNES, 10.08.2015

Per Kåre Vatland
 Seniorrådgiver

Leni Tande
 konsulent

[Saksliste](#)

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

32/15 Elektroniske sakspapirer

Arkivsak-dok. 14/00006-21
 Arkivkode. 033
 Saksbehandler. Leni Tande

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Forsand	26.11.2015	32/15

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har fått tildelt iPad frå Forsand kommune, og alle møteinnkallingar til kontrollutvalet skal derfor hentast inn og lesast på denne.

Sekretariatet er ikkje tilknytt den enkelte kommunes sak/arkivsystem, og mottak av dokument til kontrollutvalet må derfor behandlast litt annleis enn for øvrige digitale innkallingar kontrollutvalet mottar frå kommunen.

Saksutgreiing:

Sekretariatet vil ha ein gjennomgang av korleis innkallingar til kontrollutvalet vert moteke og lagra. I tillegg vil vi vise korleis man kan markera tekst, leggja inn merknader osv.

Forut for orienteringa må alle ha sett opp ein e-postadresse på iPad der de kan ta imot dokumenta. I tillegg anbefalar vi at de lastar ned PDF Expert 5 frå App-store. Denne kostar i underkant av en 100-lapp. Vanlig PDF-leser (gratis) kan og brukast, men har meir avgrensa muligheiter for å markera tekst, organisera mapper m.m. Dersom de vil ha kostnaden til PDF-Expert refundert av Forsand kommune, vil vi hjelpa med å få det til. Dei av dykk som ikkje har installert dette til møte kan alternativt ha med brukarnamn og passord til iTunes, så kan vi setja opp det de treng i møtet.

FORSLAG TIL VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tar gjennomgangen til orientering.](#)

SANDNES, 13.11.2015

Leni Tande
 Sekretær

[Saksliste](#)

Click here to enter text.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikkje signatur.

Referat-/Meldingssaker

8/15 Invitasjon Høstkonferanse 2015.pdf

9/15 NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2016.pdf

10/15 Sluttregneskap av ny prestebustad, prosjekt P11

11/15 Sluttregneskap for Gang- og sykkelsti Kulturhus-Rettedal.

Me legg og med Budsjett 2016 slik at de kan sjå kor mykje midlar kontrollutvalet har til rådvelde.